

OSTERØY KOMMUNE
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Dato	30.08.2023
Vår referanse	2023/59033-9
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Sigurd Lunde
E-post	Sigurd.Lunde@vlfk.no
Telefon	90142080

Søknad om frådeling/arealoverføring til offentlig veggrunn i samband med vegutbedring - gnr. 120 bnr. 42 og gnr. 125 bnr. 13 i Osterøy kommune.

I samband med at det er utført naudsynt utbetring/utviding av Fv 5426 over gnr. 120 bnr. 3 og bnr. 2,5 samt av Fv 5425 over gnr. 125 bnr. 3 i Osterøy kommune søker ein no om frådeling/arealoverføring til offentlig veggrunn på dei areala som er erverva med bakgrunn i plan- og bygningslova § 20-1m.

Vestland fylkeskommune har etter løyve frå Osterøy kommune halde oppmålingsforretning over parsellane som skal overførast. Vedlagt fylgjer protokollar for oppmålingsforretningane. I protokollane er det teke atterhald om at frådeling vert godkjent av Osterøy kommune.

Protokollane er sendt ut til partane med frist på å kome med merknader. Fristen er ute og det er ikkje kome inn merknader.

Det er inngått kjøpekontrakter med grunneigarane og sluttoppgjjer er utbetalt.

Med bakgrunn i kontraktene er det ikkje sendt ut nabovarsel då det ikkje er andre som er berørte av arealoverføringane.

Dispensasjonssøknad:

Arealane som vert erverva er i kommuneplan for Osterøy synt som LNF-område.

Vi ber om at det vert gitt dispensasjon frå kommuneplanen slik at desse kan nyttast til offentlig vegareal.

Grunngjeving:

Fylkesvegen over gnr. 120 bnr. 3 og bnr. 2,5 var i dårleg stand og var i ferd med å sige ut, forsterkning av vegbana med tilhøyrande fylling var naudsynt, likeeins var fylkesvegen over gnr. 125 bnr. 3 særskild smal med behov for oppgradering.

Syner elles til bileta nedanfor.

Det vert søkt om arealoverføring til offentlig veggrunn på desse parsellane.

1. 729 m² frå gnr. 120 bnr. 2,5 til gnr. 120 bnr. 42.
2. 317 m² frå gnr. 120 bnr. 3 til gnr. 120 bnr. 42.
3. 885 m² frå gnr. 125 bnr. 3 til gnr. 125 bnr. 13.

Vedlagt fylgjer eigenerklæring av eigarskap til offentlig veggrunn.

Kartutsnitt nedanfor syner områda der vegen er utbetra og bileta syner vegen før og etter utbetringa


Oversiktskart:



Utbetring på gnr. 120.



Utbetring på gnr. 125.



Når løyve til frådeling er gitt blir dei nye grensene sendt Osterøy kommune for matrikkelføring.

Vi ber om at faktura for sakshandsamingsgebyr vert sendt til Vestland fylkeskommune og viser elles til <https://www.vestlandfylke.no/om-oss/send-faktura-til-vestland/>. Fakturaen må merkast 39835.

Med helsing

Sigurd Lunde

Ingeniør
INV - Grunnerverv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 **protokoll 125-3**
- 2 **eigenerklæring gnr. 125**
- 3 **eigenerklæring gnr 120**
- 4 **protokoll120-2-5**
- 5 **protokoll120-3**